



Bioteknologinemnda

Direktoratet for naturforvaltning
Fiskeri- og kystdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Mattilsynet
Miljøverndepartementet

Vår ref.: 2013/107

Dykkar ref.:

Dato: 6.6.2013

Genmodifisert laks med ekstra veksthormon

Bioteknologinemnda har uttalt seg i den offentlege høyringa som det amerikanske mat- og landbruksdepartementet FDA hadde våren 2013 om miljørisikovurderinga av den genmodifiserte laksen AquaAdvantage. Fråsegna er lagt ved.

Laksen har fått sett inn eit ekstra gen for veksthormon som ifølgje produsenten AquaBounty gjer at han veks fortare enn vanleg laks. Produsenten har førebels ikkje søkt om å få godkjent laksen i Noreg eller EU. Bioteknologinemnda meiner likevel ei avgjerd i FDA vil ha mykje å seie for korleis både USA og andre land vil vurdere mat frå genmodifisert laks og andre genmodifiserte dyr i framtida. Derfor har Bioteknologinemnda uttalt seg om laksen. Dessutan blir laks gjerne rekna som sunn mat, og matstyresmakter i mange land oppmodar folk til å ete meir laks. Med den kritikken som helse- og miljørisikovurderingane til FDA har fått, kan ei eventuell godkjenning påverke omdømmet til laks som mat negativt.

For Noreg er det interessant at USA etter amerikansk miljølovgiving (*National Environmental Policy Act, NEPA*) òg skal evaluere økonomiske, sosiale og kulturelle konsekvensar av handlingar som lovgivinga omfattar. Det gjeld òg genmodifisert laks. Rett nok tolkar FDA det slik at ein berre skal ta omsyn til økonomiske, sosiale og kulturelle konsekvensar når handlinga påverkar det fysiske miljøet i USA. FDA slår òg fast at det ikkje er naudsynt å vurdere slike konsekvensar i samband med den genmodifiserte laksen fordi laksen ikkje skal alast opp i USA, men i Canada og Panama.

Det er òg verdt å merke seg kva vitenskapleg grunnlag FDA har vurdert laksen på. Data stammar stort sett frå produsenten. I fleire forsøk der dei samanliknar med kontrollgrupper av laks, er det til dømes brukt svært få fiskar, heilt ned i seks-sju fiskar per gruppe, utan omsyn til kjønn. Med så små grupper blir ein mindre i stand til å oppdage effektar som er til stades. Trass i dette konkluderer FDA med at det ikkje er nokon helserisiko ved å ete fisken. Det er grunn til å spørje om helse- og miljørisikovurderingane som er gjort med bakgrunn i slike data, oppfyller vitenskaplege kvalitetsmål.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Telefaks:	E-post:	Internett:
Stortingsgata 10	Stortingsgata 10	24 15 60 20	24 15 60 29	bion@bion.no	www.bion.no
0105 OSLO	0105 OSLO				

Vi vonar norske styresmakter krev betre datagrunnlag for å vurdere helse- og miljørisiko dersom Noreg skulle få ein søknad om godkjenning av genmodifisert laks. Noreg må òg vurdere om laksen bidreg til berekraftig utvikling, er samfunnsnyttig og etisk forsvarleg.

Med helsing



Lars Ødegård

Leiar



Sissel Rogne

Direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Vedlegg: 1. Opinion on the assessment of AquAdvantage salmon